

Vang kommune si hovudmålsetting for Tyinkrysset er å leggje til rette for at området kan utvikle seg til ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon.



Vang kommune

Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN
|føresegn|





Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN |Føresegn|

Vedteke i KS (Sak 052/19) 05.09.2019 med heimel i plan- og bygningslova, av 27.6.2008 nr. 71, § 11-15.

Plan-ID: 2015003

Sist revidert: 08. juni 2021

Framsidedfoto: Skikøyning frå Skørnsnøse © Lars Østbye Hemsing



Innhald

1. Siktemål med planen	5
2. Fellesføresegn for heile planområdet (§11-9)	5
3. Om tilhøvet til detaljregulering (§ 11-9 nr. 1).....	6
3.1. Plankrav	6
3.2. Krav om detaljregulering	6
3.3. Unntak frå plankrav	7
4. Føresegn for arealføremål (§§11-10 og 11-11).....	7
4.1. Bygg og anlegg (§ 11-7 nr. 1)	7
4.1.1. Fritidsbustadar	8
4.1.2. Sentrumsføremål.....	9
4.1.3. Fritids- og turistføremål	9
4.1.4. Næring.....	9
4.1.5. Kombinert bygg og anlegg.....	10
4.1.8. Kombinert bygg og anlegg – KBA_01	11
4.1.9. Idrettsanlegg alpin.....	11
4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 11-7 nr. 2)	12
4.2.1. Parkering P1 og P2.....	12
4.2.2. Høgdebasseng HB_01.....	12
4.2.3. Tilkomstveger til utbyggingsfelt	12
4.3. Grønstruktur (§ 11-7 nr. 3)	12
4.3.1. Naturområde	12
4.3.2. Turdrag	12
4.3.3. Kombinert grønstrukturføremål	13
4.4. Landbruks-, natur-, friluft- og reindrifsføremål (§ 11-7 nr. 5)	13
4.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6).....	13
4.5.1. Miljøkvalitet i vassdrag.....	13
4.5.2. Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag	13
4.5.3. Verna vassdrag	13
5. Tilhøve som skal avklarast i reguleringsarbeid (§ 11-9 nr. 8)	13
5.1. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).....	13
5.2. Flaum og skred.....	13
5.3. Overvatn	14
5.4. Grunnforureining.....	14
5.5. Naturmangfald.....	14



5.6.	Om ikkje koordinatfesta tomter	15
5.7.	Langrensløyper, stigar og sykkelløyper	15
5.8.	Tilkomstveg til Steinhaug(omsynssone H810_6).....	15
5.9.	Andre krav	15
6.	Om vatn og avløp	15
7.	Føresegner til omsynssoner (pbl § 11-8)	15
7.1.	Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 a).....	15
7.1.1.	Støy.....	15
7.1.2.	Faresoner.....	16
7.2.	Infrastruktursoner (pbl § 11-8 b).....	16
7.3.	Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl § 11-8 c)	16
7.4.	Bandlegging etter kulturminnelova (pbl § 11-8 d)	17
7.5.	Krav om felles planlegging (pbl § 11-8 e)	17
7.6.	Tilhøve til eldre detaljreguleringar (pbl § 11-8 f)	17
8.	Rekkefylgjeføresegn (pbl § 11-9 nr.4).....	18
8.1.	For alle område avsett til bygg og anlegg i kommunedelplanen gjeld	18
8.1.1.	Vatn, avløp og høgdebasseng	18
8.2.	For alle utviklingsområde innanfor omsynssone H410_1 i kommunedelplanen gjeld	18
8.3.	Særskilt rekkefylgjekrav for omsynssone H810_11(UH3)	19



1. Siktemål med planen

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkryssset skal utvikle seg til ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.

2. Fellesføresegn for heile planområdet (§11-9)

Føresegner som gjeld for heile planområdet:

- Utbyggingsavtalar:
 - I fremtidige byggjeområder vist i plankartet vil utbyggingsavtale vera ein føresetnad før utbygging, jf. vedtak i sak KS-057/06 og pbl § 17-2.
 - Utbyggingsavtale skal sikre anlegg og infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avløp, fjern-/nærvarmeanlegg, sykkelstigar eller elvekryssningar og andre aktuelle fellestiltak.
 - Ei utbyggingsavtale mellom grunneigar og/eller utbyggar og kommunen skal avklare ansvarsfordeling for utbygging av desse tiltaka:
 - Teknisk og grøn infrastruktur (t.d felles avkøyring, vatn og avlaup, parkering, ladestasjon)
 - Bustadpolitiske tiltak og utforming av bygg (t.d fordeling av bustadstyper, storleik på bueiningar, livslaupsstandard, universell utforming)
 - Særskilte tiltak som er naudsynt for gjennomføring av planvedtak
 - Tiltak der det må bli dokumentert at tiltaket er naudsynt for gjennomføring av planen og der kostnadane må fordelast etter nytte
 - Ansvarsfordeling under bygging og framtidig drift
 - Opparbeidingsplikt for veg, vatn og avløpsanlegg jf. pbl § 18-1 gjeld fullt ut.
 - Behandling av utbyggingsavtalar skal fylgje reguleringsplanarbeidet. Utbyggingsavtale skal stadfestast av kommunestyret ved vedtak av reguleringsplan. Dersom naudsynt, kan det vera eit rekkefylgjekrav i reguleringsplanen at utbyggingsavtale skal vera signert før det blir gjeve løyve til tiltak.
- Kommunestyret kan i særskilte tilfeller inngå utbyggingsavtale med grunneigar og/eller utbyggar av større utbyggingstiltak også etter vedeken plan. Utarbeiding av utbyggingsavtale vil då fylgje sjølvstendig løp
- Innanfor kommunedelplanen på Tyinkryssset er det krav om tilkopling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg. Sjå føresegn 6
- Alle tiltak som førar til endra bruk for av- og påkøyrslar til europa- og fylkesveg, må godkjennast av vegeigar
- Det skal settast av naudsynt og eigna areal til trafokiosk innanfor nye reguleringsområder. Trafokioskar skal plasserast lågt i terrenget og skal ikkje virke skjemmaende for området
- Det skal om naudsynt settast av eigna areal til kommunal renovasjon



- **Parkering:**
Kvar biloppstillingsplass skal minimum vera 18 m². Tabellen under definerer kravet til kvar eining:

Arealføremål	Biloppstillingsplass for kvar eining
Bustad	2
Fritidsbustad med tilkomstveg	2
Hotell og overnattingsstad	0,5 pr. gjesterom
Serveringsstad	1 pr. 15 m ² bruksareal
Leilegheitbygg	1,5 pr. leilegheit

- **Kulturminne og kulturmiljø (H730_1), jf. pbl. § 11-8 d):**
 - Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplan og som rårer kulturminner, registrerte SEFRAK-bygg eller omsynssoner kring kartlagte kulturminner, skal føreleggast kulturminnemyndigheitene til uttale, jf. kulturminnelova §§ 8 og 9, anten det gjeld byggjesaker, dispensasjonssaker eller i samband med konsesjonsbehandling.
 - Ved modernisering eller endring av eksisterande bygg må ein sjå til at den visuelle utforminga ikkje bryt med kulturlandskap- og miljø. Sjå og føresegn 7.2.
 - Dersom det i samband med arbeid eller tiltak vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona deira på minimum 5 meter. Kulturminnestyresmaktene i Innlandet skal varslast, jf. kulturminnelova § 8.
- **Kantvegetasjon:** Langs vassdrag med årssikker vassføring, skal det sikrast og oppretthaldast ei kantsone med breidde 2 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd. I denne sona skal ein oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr, som òg motverkar avrenning. Ein kan skjøtte kantsona dersom ein tek omsyn òg sett att tre og buskar av forskjellig art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning av Statsforvalteren.

3. Om tilhøvet til detaljregulering (§ 11-9 nr. 1)

3.1. Plankrav

For alle byggje- og anleggstiltak jf. pbl. § 1-6 og andre tiltak som kan få vesentlig verknad for miljø og samfunn er det krav om reguleringsplan, jf. pbl. §§ 11-9 nr.1. og 12 – 1, 2. og 3. ledd.

I område avsett til bygg og anlegg kan tiltak etter pbl. § 1 – 6 og § 20 – 1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan.

3.2. Krav om detaljregulering

Det er krav om detaljregulering for dei areala som på plankartet er vist med omsynssone H810_1 til H810_15. Arealane har fått fylgjande namn:

Namn på areal	Omsynssone
Andstor alpin m/næring- og parkeringsareal	H810_1
Tyinkrysset sentrum	H810_2



Tyinkryssset alpin	H810_3
Andstor	H810_4
Bøastølen	H810_5
Steinhaus	H810_6
Vesleåne	H810_7
Synhaus	H810_8
Skafthneverhamarn	H810_9
Skørnsnøse	H810_10
UH3	H810_11
Høgeset	H810_12
FT1 og FT2	H810_13
Fløgstrøndheisen	H810_14
Filefjellsenteret	H810_15

3.3. Unntak frå plankrav

Dersom det føreligg føresegn om utbyggingsvolum og uteareal, og tilhøve til vegnett og anna lovverk er ivaretake, er fylgjande unnateke frå plankrav dersom det er i tråd med føremålet og eigedomsgrense er koordinatmålt(målebrev eller matrikkelbrev):

- Mindre tilbygg og påbygg, garasjar, uthus, anneks, ombygging av eksisterande fritidsbustader og nybygg på tidligare frådelt ikkje-bygde tomter
- Det er ikkje tillate med tiltak nærare privat veg, gangveg, stigar eller skiløype enn 15 meter. Avstanden målast frå vegen-/stigen-/løypa si midtlinje. For tilhøve til høgare funksjonsklasse, sjå kommuneplanens føresegn pkt. 1.4.
- Tiltaket skal vera tilstrekkeleg sikra mot fare. Føresegn og retningsliner knytt til utgreiing av risiko og **fare** i nye planer skal og leggjast til grunn for tiltak som er unnateke plankrav.
- Tiltaket må ikkje råke freda kulturminne.

Det kan gjevast byggjeløyve (ramme- og igangsettingsløyve) for godkjent frådelt tomter som er regulert direkte i kommunedelplanen, eller i reguleringsplanar som gjeld vidare, jf. føresegn 7.5., dersom tomte er i tråd med øvrige føresegn for bygging.

Bruksendring av eksisterande bygningsmasse til føremål i samsvar med vedteken arealbruk er unnateke frå plankrav.

4. Føresegn for arealføremål (§§11-10 og 11-11)

4.1. Bygg og anlegg (§ 11-7 nr. 1)

Fellesføresegn for bygg og anlegg:

- Byggjegrænse mot tomtegrænse er 4 m
- Mest mogeleg av eksisterande vegetasjon skal bevarast i samband med anleggsverksemda. Der det skal plantast til, skal stadeigen vegetasjon nyttast. **Stadeigen vegetasjon blir definert som vegetasjon genetisk lik vegetasjon av same art som veks der naturleg.**



- Nedbør og smeltevatt skal handterast lokalt. Dette skal ikkje førast inn på kommunalt avløpsnett
- Tomter skal ha permeable overflater for å sikre god fordrøyning
- Krav om permeable overflater ved nye tiltak

4.1.1. Fritidsbustadar

Arealføremål: Fritidsbustad (sosi-kode: 1120)

Fylgjande skal vera retningsgivande for utnytting og bygningsvolum når nye reguleringsplanar for fritidsbustadar innanfor kommunedelplanen skal utarbeidast:

- Alle bygg på same tomt skal ha tilsvarande takvinkel, materialbruk og farge
- Utebelysning og bruk av denne skal særskilt vurderast
- Dersom det argumenterast for det kan nye reguleringsplanar ha føresegn som opnar opp for meir moderne utforming
- Solcelletak kan vurderast, men då må visuell fjernverknad utgreiast særskilt

Eksisterande fritidsbustadar og ikkje-bygde tomter utanfor regulerte områder kan utformast slik:

Kategori	Tomter under 800 m ²	Tomter frå og med 800 m ²
Maksimal utnytting(BYA)	176 m ²	216 m ²
Hovudbygg (BYA)	100 m ²	140 m ²
Parkering pr. tomt, jf. føresegn 2		36 m ²
Antall bygg		Maksimalt 3
Bygg 2 og 3 (BYA)		Maksimalt 40 m ²
Møne-/ gesimshøgde		5,5 m/4 m
Takvinkel	Eksisterande bygg: 15°-35°; nye bygg: 25°-35°	
Byggjegrænse	Bygg skal vera minimum 4 meter frå tomtegrænse	
Synleg mur	Maksimal høgde på 0,5 m	
Forstøttningsmur	Maksimal høgde på 1,2m. Utførast i naturstein	
Skjering/fylling	Høgde på fylling og/eller skjering kan maksimalt avvike 1,5 meter frå eksisterande terreng	

- Det er berre tomteareal regulert til bustad eller fritidsbustad som leggest til grunn ved utrekning av BYA. Samla tomteareal skal normalt ikkje overstige 2 daa
- Bygg 2 og 3 kan vera garasje, uthus eller anneks
- **Møte-/gesimshøgde målast frå topp grunnmur**
- Tidligare frådelt tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterligare
- Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Taket skal vera i matte materialar, unntak ved bruk av solcelletak. Farga på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.
- **Tilkomstvegar skal som utgangspunkt ikkje ha brattare stigning enn 1:10 (10%).**



For eksisterande fritidsbustadar utanfor regulerte områder som ligg innanfor omsynssone for vassdrag, kan kommunen vurdere dispensasjon for tiltak etter pbl. § 1-6, dersom krav i pbl. § 28-1 er dekt.

For eksisterande fritidsbustader som ligg utanfor regulerte område i kombinasjon med omsynssone d for automatisk freda kulturminne kan kulturminnemyndigheitene vurdere dispensasjon for tiltak etter kulturminnelova § 8 fyrste ledd.

Det er tillate med gjerde. Inntil 100 m² av tomta kan gjerdast inn som vern mot husdyr. Det tillatast berre skigard utført i samsvar med tradisjonane i Valdres. Største tillatne høgde er 1,2 m. Oppsetting av skigard skal byggjemeldast saman med bygningane eller ev. som eige tiltak. Det skal sendast nabovarsel i samband med tiltaket.

Det er ikkje lov å sette opp straumgjerde eller anna stengsel som er til hinder for fri ferdsel over eigedommen.

Skilt, flaggstang, portalar, frittstående léveggjar, parabolantennar, reklameinnretningar eller liknande er ikkje tillate. Løyve for oppføring av frittstående anlegg som utepeis, badestamp etc. kan gjevast på grunnlag av søknad i samsvar med plan- og bygningslova.

4.1.2. Sentrumsføremål

Arealføremål: Sentrumsføremål (sosi-kode: 1130)

Det er krav om detaljregulering for å sikre ei heilskapeleg og god utvikling av områda. Nytt areal i sentrum skal leggje til rette for næringsverksemd, utleigeeiningar (både fritidsbustadar og bustadar) og leilegheiter for sal. Nye tiltak med slikt føremål krev detaljregulering. Utnyttinga i denne detaljreguleringa skal vera høg. **Bya blir føreslege til mellom 50 og 80 %. Mønehøgde kan vera på inntil 14 m.**

4.1.3. Fritids- og turistføremål

Arealføremål: Fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170)

Områda er sett av til einingar for utleige og fritidsbustadar som drivast i kommersiell samanheng. Om privatpersonar er eigarar av einingane i desse områda er intensjonen frå planmyndigheita at det er pliktig utleige i ni av årets månader.

FT1, FT2 og FT3 er tre større område i kommunedelplanen som er sett av til dette føremålet. **FT4 er eksisterande areal kring Filefjellstuene.** Her skal utnyttinga vera høg. BYA vert føreslege til mellom 50% og 80%. Mønehøgde kan vera på inntil **14 m.**

4.1.4. Næring

Arealføremål: Næring (sosi-kode: 1300)

Framtidige næringsområder avsett til stadbunden næringsverksemd med servicetilbod. Det er krav om detaljregulering, jf. føresegn 3.2. Areala må få ei god utforming som harmonerer med området elles.



4.1.4.1. *Særskilt for framtidig næringsområde N2*

Næringsareal på toppen av Andstorheisen, N2, er sett av til bevertning/servering. Her er det berre tillate med eitt bygg som skal sjåast i samanheng med endestasjon for stolheis. Reguleringsplan skal utgreie avbøtande sikringstiltak, avbøtande tiltak for naturmangfald og avgrense fjernverknaden for bygget. **Krav om visulalisering av tiltak.** Det skal stillast strenge krav til belysning, utforming, storleik og plassering i terrenget.

4.1.4.2. *Særskilt for framtidig næringsområde N3*

Næringsareal ved Børrenøsheisen på nordsida av elva Begna. Areal sett av til verkstad og lager i samband med drift av skiheis og langrennsløyper. Eigen tilkomstveg frå fylkesveg 2515, der avkøyring skal godkjennast av vegeigar. Det skal utarbeidast ein situasjonsplan i samband med byggesøknad. Det kan førast opp eit bygg på arealet med saltak. Bygget skal ha mørke og matte fargar.

4.1.5. Kombinert bygg og anlegg

4.1.5.1. *Eksisterande bustadar*

Arealføremål: Bustad (sosi-kode: 1110) og fritidsbustad (sosi-kode: 1120)

Eksisterande bustadar vert regulert til dette arealføremålet for å gje eigar valfridom til å velje om eigedommen skal nyttast til fritidsbustad eller bustadhus. **Bruksendring krev grunngjeve søknad, jf. pbl. § 20-1.**

Bustadar i området kan ha ei utnytingsgrad lik fritidsbustader, jf. føresegn 4.1.1. Parkering, jf. føresegn 2, tel med i BYA. Det kan førast opp ein garasje på maksimalt 40 m².

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar.

4.1.5.2. *Eksisterande bustader i sentrum*

Arealføremål: Bustad (sosi-kode: 1110), fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og sentrumsformål (sosi-kode: 1130)

For eksisterande bustader innafor sentrumsområde gjeld føresegn 4.1.5.1. Samstundes kan tomtane og inngå i ei heilskapeleg regulering av området med sentrumsføremål. Ved bruksendring til sentrumsføremål (sosi-kode: 1130) er det krav om reguleringsplan, og felles planlegging (H810_2).

4.1.5.3. *Eksisterande fritidsbustader i sentrum*

Arealføremål: Fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og sentrumsformål (sosi-kode: 1130)



Eksisterande fritidsbustader i sentrum vert regulert til dette arealføremålet for å gje eigar valfridom til å velje om eigdommen skal nyttast til fritidsbustad eller bustadhus. Bruksendring krev grunngjeve søknad, jf. pbl. § 20-1.

For eksisterande fritidsbustader innafor sentrumsområde gjeld føresegn 4.1.1. for utnytting og utforming. Samstundes kan tomtane og inngå i ei heilskapeleg regulering av området med sentrumsføremål. Ved bruksendring til sentrumsføremål (sosi-kode: 1130) er det krav om reguleringsplan, og felles planlegging (H810_2).

4.1.6. Kombinert bygg og anlegg – KBA_02 og KBA_03

Arealføremål: fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170).

Maksimal BYA lik 50 % av tomtearealet. Mønehøgde skal som utgangspunkt ikkje vera over 8 m over gjennomsnittleg planert terreng. Der terrenget legg til rette for det kan det vera underetasje.

Hovudmaterialet i alle bygg skal vera tre eller naturstein. Alle bygg skal ha saltak med mønevinkel mellom 25° og 35°. Taket skal vera i matte materialar. Fargane på bygga skal vera i naturfargar (til dømes jernvitrolbehandla) eller i jordfargar. Synleg mur skal maksimalt vera 0,8 m.

4.1.7. Nye områder med kombinert føremål

Arealføremål: fritidsbustad (sosi-kode: 1120) og fritids- og turistføremål (sosi-kode: 1170).

Her er det krav om detaljregulering, jf. føresegn 3.2 og føresegn i kapittel 7.

Føresegn 4.1.6. skal vera retningsgivande for utformingskrava i detaljreguleringa for desse områda.

4.1.8. Kombinert bygg og anlegg – KBA_01

Arealføremål: næring/tenesteyting (sosi-kode:1800)

Arealet KBA_01 ved Filefjellstuene kan nyttast til næring/utleige og tenesteyting/leirskule. Utnyttingsgrad for arealet er inntill 80% BYA og mønehøgde kan vera på inntil 14 meter.

4.1.9. Idrettsanlegg alpin

Arealføremål: Idrettsanlegg (sosi-kode: 1400)

- Det er krav om detaljregulering, jf. føresegn 3 og føresegn 7 omsynssoner. Dette for, mellom anna, å gjere nærare tekniske utgreiingar knytt til løysing av kryssing av E16, krav til dokumentasjon og godkjenning av heistrasear
- Alle tiltak i detaljregulering av omsynssone H810_1 skal vera i samsvar med Jernbaneverkets tekniske regelverk og gjeldande forskrift om tekniske krav til taubaneanlegg, inkl. kabelanlegg for persontransport.
- Kryssinga skal skje vinkelrett på vegbane



- Stolheis med tilhøyrande sikringstiltak over vegbana skal vera utforma slik at det ikkje noko kan falle ned på vegbana og kan skape trafikkfarlege situasjonar. Sikringstiltaket skal utformast i samsvar vegmyndigheitenes gjeldande rettleiarar med mellom anna krav til utforming og frihøgde.
- Det må i detaljreguleringa fastsetjast kven som har ansvaret for drift og vedlikehald av sikkerheitstiltaket.
- Det må innarbeidast rekkefylgjeføresegn som sikrar at sikkerheitstiltaket blir etablert før det skal utførast arbeid over offentleg veg.

4.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 11-7 nr. 2)

4.2.1. Parkering P1 og P2

Arealføremål: Parkering (sosi-kode: 2080)

Det er to store parkeringsplassar i Tyinkrysset. Ein eksisterande (P1) i Tyinkrysset sentrum og ein som skal utviklast i tråd med kommunedelplanen på nordsida av E16 (P2). For P2 er det krav om detaljregulering, jf. føresegn 3, saman med andre areal i omsynssone H810_1. Det er òg sett eit rekkefylgjekrav, jf. føresegn 8 for etablering av veg til og frå E16.

4.2.2. Høgdebasseng HB_01

Arealføremål: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (sosi-kode: 2001)

Det er sett av areal til eitt nytt høgdebasseng ved Grøvtølen, HB_01, med tilkomst frå Grøvtølvegen. Høgdebassenget ligg på høgdekote 905 m.o.h.

4.2.3. Tilkomstveger til utbyggingsfelt

Arealføremål: Hovudveg (sosi-kode: 1122)

Tilkomstvegar skal ha ei breidde på 3 til 5 meter og skulder på 0,3 meter på kvar side. Vegen kan nyttast som trase for leidningar for vatn, avløp, elektriske kablar, tele- og tv-kablar. Etablering av tilkomstveg er søknadspliktig, jf. pbl. 20-1.

4.3. Grønstruktur (§ 11-7 nr. 3)

4.3.1. Naturområde

Arealføremål: Naturområde (sosi-kode: 3030)

Området er eit våtmarksområde med myr og elveslette/-kant. Her skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan påverke området negativt. Grøfting, tiltak som kan påverke grunnvatn etc. skal ikkje skje.

4.3.2. Turdrag

Arealføremål: Turdrag (sosi-kode: 3020)

Området er ein del av ei gamal ferdselsåre. Det skal ikkje etablerast tiltak som kan skade ferdselsåra.



4.3.3. Kombinert grønstrukturføremål

Arealføremål: Kombinert grøntstrukturområde (sosi-kode: 3800)

Områda skal leggje til rette for grønstruktur i planområdet langs elva, samt fremje friluftslivet nær elvekanten. Innanfor desse områda kan bygg og anlegg som tener til området sitt bruk etablerast, til dømes gapahukar og lett opparbeiding av trase for skiløype og tursti. Tiltak krev søknad og løyve.

4.4. Landbruks-, natur-, friluftsføremål (§ 11-7 nr. 5)

I LNFR-område er arbeid og tiltak nemnt i pbl. §§ 20-1 og 20-2 ikkje tillate, dersom dei ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette gjeld også frådelling til slike føremål.

4.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

4.5.1. Miljøkvalitet i vassdrag

Alle vassdrag skal ha «minst god økologisk og kjemisk tilstand», jf. Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskrifta), av 15.12.2006 nr. 1446, § 4. Dei vassdraga som er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, til dømes dei kraftig regulerte, skal «minst ha godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand», jf. vannforskrifta § 5. Dette vil oppretthalde vatnet som ressurs både for folk, planter og dyr.

4.5.2. Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag

Utfylling, grusuttak og andre inngrep som endrar dei økologiske og/eller fysiske tilhøva i og langs vassdrag og i område som vert oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, som sidebekker, kantsona etc., er ikkje tillate utan dispensasjon frå Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova), av 24.11.2000 nr. 82, og/eller Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., av 15.5.1992 nr. 47.

4.5.3. Verna vassdrag

Begnavassdraget frå Otrøvatnet til Strøndafjorden med sideelver har varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II. Dette gjeld der anna ikkje er bestemt i godkjend reguleringsplan.

5. Tilhøve som skal avklarast i reguleringsarbeid (§ 11-9 nr. 8)

5.1. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar for utbyggingsføremål skal det gjennomførast ROS-analyse, jf. pbl. § 4-3. ROS-analysen skal avdekke og dokumentere eventuelle risiko- og sårbarheitstilhøve som ikkje er avklart på overordna plannivå. Avbøtande tiltak skal inngå i ROS-analysen. Aktuelle avbøtande tiltak skal vera gjennomført før det gjevast løyve til utbygging.

5.2. Flaum og skred

- Minimum 20 meter på kvar side av bekker og elver er potensielle fareområde for flaum og skal som hovudregel ikkje nyttast til utbyggingsføremål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 meter bør breidda minst vera lik høgda.



- NVEs aktsemdskart for flaum er lagt til grunn for omsynssone H320_1 i plankartet. Innanfor denne omsynssone er flaumfare ikkje avklara og skal ikkje nyttast til utbyggingsføremål før reelle flaumfare er kartlagt.
- Det gjevast ikkje løyve til bygging i omsynssone H320_1 langs vassdrag før krav til sikker grunn for bygging, jf. pbl. 28-1, er dokumentert.
- All verksemd i skredutsette område skal ta omsyn til risiko for skred/ras. Syner til **tematisk** plankart med aktsemdsone og reelle faresoner for ras- og skredfare, jf. pbl. § 11-8, 3. ledd bokstav a.
- Krav til tryggleik i byggteknisk forskrift skal vera dokumentert og ivareta før bygging kan starte.
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum og skred må inngå i reguleringsplan der dette **er** aktuelt.
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum, skred og flaumskred skal vera ferdigstilt før utbygging av området settast i gang.

5.3. Overvatn

Ved ny busetnad og/eller større ombygging/rehabilitering (fortetting eller nye område) gjeld fylgjande, jf. byggteknisk forskrift:

- Overvatn skal handterast lokalt, dvs. på eigen grunn ved infiltrasjon, fordrøyning eller på annan måte
- Overvatn skal ikkje førast inn på kommunalt avløpsanlegg
- Ved fortetting, nye busetnadsområde, gater/vegar, eller endringar av eksisterande tilhøve skal handtering av overvatn gjevast ekstra merksemd. Bruk av gater/vegar/ parkeringsplassar /grøntanlegg/overflatebasseng til fordrøyning på overflate skal utgreiast. Det skal vurderast vassvegar på overflata slik at vatnet i ekstreme situasjonar kan leiiast vidare utan at skade oppstår
- Dersom auka mengder med overvatn skal leiast til resipient i vassdraga må ein dokumentere at desse kan ta imot auka vassmengder utan at dette gjev auka risiko for flaum- og erosjon for tredje part. Dersom det ikkje er mogleg å leie vatnet til resipient utan at det gjev auka risiko for flaum- og erosjon, må det stillast krav om lokal fordrøyning utan auka utslepp til resipienten

5.4. Grunnforureining

I område med forureina grunn eller fare for forureining av grunnen skal Forskrift om begrensning av forureining leggst til grunn for all plan- og byggjesaksbehandling.

5.5. Naturmangfald

Naturmangfaldlova, lov av 19.6.2009 nr. 100, kapittel 2, gjev reglar om berekraftig bruk av naturmangfaldet. Lova § 7 seier at prinsippa i paragrafane 8 til 12 skal liggje til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal gå fram av avgjerda. Kunnskapsgrunnlaget er viktig for ei avgjerse, jf. § 8. Er ikkje kunnskapsgrunnlaget godt nok, seier «føre-var-prinsippet» at ein skal unngå skade på naturmangfaldet, jf. § 9. I vurderinga skal òg samla belastning på økosystemet inngå, jf. § 10.

Der konsekvensutgreiing syner tvil om datagrunnlaget for naturmangfald er godt nok, er det krav om kartlegging i samband med utarbeiding av reguleringsplan.



5.6. Om ikkje koordinatfesta tomter

Tomter som ikkje er koordinatfesta skal ha oppmålingsforretning **før** ny detaljregulering kan godkjennast.

5.7. Langrennsløyper, stigar og sykkelløyper

Ved detaljregulering skal ein sikre eksisterande langrennsløyper og stigar. Større stigar som råkast av utbygging skal takast vare på. Alternativt skal ein sikre omlegging eller at ferdsløypa løysast på ein god måte.

Ein skal så langt det lar seg gjera innarbeide og etablere nye langrennsløyper som kan knyttast til eksisterande løypenett. Eit viktig siktemål vil vera at ein relativt enkelt kan koma til langrennsløype frå alle areal avsett til utbyggingsføremål. Det kan knyttast rekkefyljekrav til sikra opparbeiding av langrennsløypene og planfrie kryssingar.

Dersom tilhøva legg til rette for det skal ein vurdere å etablere egne sykkelstigar og sykkeltrasear innanfor detaljreguleringa.

5.8. Tilkomstveg til Steinhaug(omsynssone H810_6)

Ved detaljplanlegging av Andstor(omsynssone H810_4) skal det planleggjast ny heilårs tilkomstveg gjennom planområdet opp til Steinhaug.

5.9. Andre krav

For utbyggingsområde i eksponerte lisider skal det stillast krav i føresegna til bl.a. terrengetilpassing, utforming og farge- og materialbruk. I tillegg skal det stillast krav om eigne geotekniske vurderingar med omsyn til risiko- og sårbarheit.

Særskilt for areal avsett til fritidsføremål (sosi-kode 1120) skal det takast omsyn til eksisterande og omkringliggjande hytter, og forsøke å bevare dei eksisterande kvalitetane for området.

6. Om vatn, avløp og overvatn

Innanfor kommunedelplanen på Tyinkrysset er det krav om tilkopling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg.

Detaljplanar for vatn- og avløpsanlegg(VA-plan) og overvatn skal leggast fram til særskilt godkjenning i kommunen, og godkjent VA-plan skal fylgje reguleringsplan ved vedtak.

Kommunen sin VA-norm skal leggast til grunn for prosjektering og bygging av VA-anlegget.

7. Føresegner til omsynssoner (pbl § 11-8)

7.1. Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 a)

7.1.1. Støy

Støyømfintlege tiltak skal ikkje lokaliserast innanfor kartlagt raud støysone (H210).



Ved tiltak innanfor gul støysone (H220) skal det gjennomførast støyberekningar som viser støynivå inne og ute ved byggjet sine fasadar og uteareal. Utreiinga skal syne tiltak mot støydersom grenseverdiane i T-1442 overskridast.

7.1.2. Faresoner

- Faresone H310_1 syner kartlagte skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitsklasse lågare enn S2.
- Faresone H310_2 syner kartlagte skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitskasse lågere enn S3.
- Faresone H310_3 syner aktsemdssone utanfor kartlagte områder, og krav til sikker byggegrunn er ikkje dokumentert, jf. pbl § 28-1.
- Faresone H320_1 syner aktsemdsone rundt elv- og vassførekomst, og krav til sikker byggegrunn er ikkje dokumentert, jf. pbl § 28-1.

Det kan ikkje settast i gang byggetiltak innanfor kartlagte faresonar for skred i samsvar med gjeldande tryggleiksklassar i byggt teknisk forskrift før tilstrekkeleg sikring er prosjektert av fagkyndige og er etablert.

For potensielle fareområder må tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med tryggleiks krav sett i byggt teknisk forskrift vera dokumentert ivareta før bygging kan starte.

7.2. Infrastruktursorer (pbl § 11-8 b)

Omsynssone H410_1 gjeld utviklingsområde rundt Tyinkrysset, og skal sikre at tiltak kjem området til gode og ynskja utvikling vert gjennomført.

7.3. Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl § 11-8 c)

I planområdet er det sett av fem større områder med omsynssone for å sikre førekomsten av samanhengande kulturminner- og miljø. Desse omsynssonene har fått namnet H570_1 Oppdalstølen, H570_2 Høgeset, H570_3 Grihamarstølen, H570_4 St. Thomaskyrkja og H570_5 Gamlestøga. Omsynssonane skal oppretthaldast som områder utan synlege moderne inngrep for å sikre omsynet til kulturminneverdiane. Områda skal forvaltast slik at den visuelle opplevinga av landskapet med kulturminner og kulturmiljø oppretthaldast som grunnlag for kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv. Det skal ikkje utførast maskinell verksemd eller andre tiltak som kan skade kulturminneverdiane. Eventuelle tiltak, inkludert hogst, innanfor omsynssonane skal avklarast med regionale kulturminnemyndigheiter som enkeltsaker eller gjennom reguleringsplan. Dette gjeld også turvegar i plankartet. Ved behandling av søknad om tiltak skal omsynet til kulturmiljøet vektleggast før det blir take avgjerd om tiltaket kan gjennomførast, og om lokalisering og utforming av tiltaket.

Særskilt for Kongevegen er det lagt inn to omsynssoner. Det er H570_06 for dei strekningane av kongevegen som er høveleg godt bevara og H570_07 der den er heilt eller delvis oppgradert og blir nytta som køyre- eller tilkomstveg.



Særskilt for omsynssone H570_06, vern av kulturminne - Kongevegen

Den Bergenske Kongevei skal ivaretaast med dagens lineføring, kurvatur, breidde og dekke. Det må ikkje gravast i vegen uten at det er avklart med kulturminnestyresmaktene. Arbeid nær kongevegen skal utføres på ein skånsam måte med minst mogleg inngrep. Endringer i vernesona skal godkjennast av Vang kommune og Innlandet fylkeskommune.

Særskilt for omsynssone H570_07, vern av kulturminne – Kongevegen

Den Bergenske Kongevei skal ivaretaast som en samanhengande, historisk veg og ikkje byggjast ned. Arbeid nær kongevegen skal utføres på ein skånsam måte med minst mogleg inngrep. Endringar i vernesona skal godkjennast av Vang kommune og Innlandet fylkeskommune.

7.4. Bandlegging etter kulturminnelova (pbl § 11-8 d)

Innanfor omsynssone H730 ligg automatisk freda kulturminner, jf. Kulturminnelova §§ 4, 6 og 8. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova. Alle tiltak innanfor sonane skal føreleggjast kulturminnemyndigheitene for uttale. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda kulturminna er forbode utan dispensasjon frå kulturminnelova.

7.5. Krav om felles planlegging (pbl § 11-8 e)

Det er stilt krav om felles planlegging (dvs. detaljregulering) av fleire eigedommar. Det er totalt 15 ulike område som er merka i plankartet med omsynssone H810_1 til H810_15. Desse enkelte områda må sjåast i samanheng for å sikre heilskapeleg utvikling av naudsynt infrastruktur som tilkomstveg, parkering, vatn og avløp, straum, fjern-/nærvarmeanlegg, samanhengande grøntareal, stigar og sykkelløyper, krysningspunkt for alpintrasé, m.v.

7.6. Tilhøve til eldre detaljreguleringar (pbl § 11-8 f)

Vedtekne reguleringsplanar i lista nedanfor gjeld fullt ut. Desse er markert i kartet med omsynssone H910_1 til H910_25.

Namn på reguleringsplan	Plan-ID	Vedtaksdato	Omsynssone
Varden I	0545R028	11.03.1985	H910_4
Børrenøse	0545R004	15.10.1992	H910_13
Varden II	0545R029	04.02.1999	H910_1
Nystøga hyttegrend	0545R016	27.06.2002	H910_6
Børrelia II	0545R003	27.06.2003	H910_8
E16 Grihamar Varpe	0545R065	22.04.2004	H910_21
Gudbrandslie	0545R035	28.04.2005	H910_11
R27 -Tørrisheis	0545R027	30.03.2006	H910_15
Øvre Gudbrandslie	0545R048	20.06.2006	H910_10
Vardejordet	0545R057	29.09.2007	H910_5
Børrelia I	0545R056	07.02.2008	H910_9
Reguleringsplan Vesleåntjednet	0545R069	16.06.2009	H910_22
Tenlelie	0545R079	28.10.2010	H910_7
E 16 Nystuen - Fylkesgrense	0545R085	15.12.2011	H910_3
Busslomme ved Tyinkrysset	2012004	23.05.2012	H910_16



E16 Varpe bru-Nystuen	2011004	24.05.2012	H910_17
Massedeponi ved Varpe bru	2012003	23.05.2013	H910_20
Reguleringsplan for E16 Varpe bru-Nystuen	2013002	19.09.2013	H910_2
Reguleringsplan for justering av E16 ved Kolabrune	2014002	24.09.2015	H910_18
Børrenøse	2015005	17.11.2015	H910_14
Reguleringsplan for vassverk og vassreinseanlegg Tyinkrysset	2016004	20.09.2018	H910_19
Synhaug	0545R054	20.09.2007	H910_23
Tindesynd	2017005	14.12.2018	H910_12
Ingrids hyttegrend	0545R087	15.12.2011	H910_24
Tyinkrysset fjellstue m/alpin	0545R086	22.04.2015	H910_25

8. Rekkefylgjeføresegn (pbl § 11-9 nr.4)

8.1. For alle område avsett til bygg og anlegg i kommunedelplanen gjeld

- Før det gjevast løyve til tiltak innanfor område avsett til bygg og anlegg, jf. pbl. §§ 1-6 og 20-1, er det krav om reguleringsplan for aktuelt utbyggingsområder, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.
- Utbyggingsavtale skal fylgje planprosess for reguleringsplan, og stadfestast av kommunestyret ved vedtak av reguleringsplan når føresetnadane for å inngå avtale for øvrig er til stades jf. pbl. §§ 17-2 og 17-3.

8.1.1. Vatn, avløp og høgdebasseng

- Detaljplan for vatn- og avløpsanlegg(VA-plan) skal leggest fram til særskilt godkjenning i kommunen, og godkjent VA-plan skal fylgje reguleringsplan ved vedtak.
- Utbygging av nye utviklingsområder skal fylgje etappene og trykksonane fastsett i rammeplan for VA. Tekniske løysingar som er sett i rammeplanen skal takast omsyn til og vidareførast ved detaljregulering. Det skal nyttast rekkefylgjekrav for å sikre opparbeiding av til dømes ledningsnett, høgdebasseng, trykkaukarar og reduksjonsventilar.
- **Høgdebasseng Grøvtølen kote 905 – HB_01**
Før det gjevast løyve til tiltak innanfor område avsett til bygg og anlegg, jf. pbl. §§ 1-6 og 20-1, skal høgdebasseng på Grøvtølen på høgdekote 905 vera etablert og sett i drift.

8.2. For alle utviklingsområde innanfor omsynssone H410_1 i kommunedelplanen gjeld

- Før det gjevast løyve til tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor omsynssone H410_1, skal naudsynt infrastruktur vera etablert til utbyggingsområde markert med omsynssone H810_1. Vidare skal Andstorheisen vera sikra opparbeidd.

Fyrste ledd er ikkje til hinder for frådelling etter pbl. § 20-1 fyrste ledd bokstav m, når området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. føresegn 3.1 og 3.2.

Ved vurderinga av om Andstorheisen er sikra opparbeidd, vil kommunen krevja at alpinanlegget er detaljregulert, jf. føresegn 3.2. Vidare vil kommunen krevja at Andstorheisen



er fullfinansiert og at det ligg føre tilfredsstillande sikkerheit tilsvarande dei totale byggjekostnadene

- Saman med etablering av parkeringsplass P2 skal tilkomstveg til parkeringa (på nordsida av europavegen) og tilbake til E16 (på sørsida av europavegen) etablerast. Statens vegvesen skal godkjenne byggjeteikningane.
- Før det gjevast løyve til frådelling eller tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor omsynssone H810_8(Synhaug), H810_7(Vesleåne) og H810_11(UH3) skal tilkomstveg og bru markert med omsynssone H830_1 i kartet vurderast og om naudsynt dimensjonerast for planlagt bruk.
- Før det gjevast løyve til frådelling eller tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor omsynssone H810_4(Andstor), H810_5(Bøastølen) og H810_6(Steinhaug) skal tilkomstveg og bru markert med omsynssone H830_2 i kartet vurderast og om naudsynt dimensjonerast for planlagt bruk.

8.3. Særskilt rekkefylgjekrav for omsynssone H810_11(UH3)

- Før det gjevast løyve til tiltak jf. pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor område H810_11, skal flaum- og rasfare kartleggast og eventuelle sikringstiltak vera etablert jf. pbl. §28-1 og krav sett i TEK-17
- Det skal og utarbeidast situasjonsplan av området jf. føresegn for bebyggelsesplan UH3, datert 29.01.08